

Stafett med og utan søvn

Eg har etter måten mange idrettsminne, særleg frå den tida eg budde i Ålesund og då særleg i åra 1938-1940. Frå 1940 til 1945 var det idrettsstreik på grunn av krigen, og for meg saman med mange andre som dreiv konkurransetidrett, fall desse åra bort. I 1945 gjekk eg landbruksskulen på Gjermundnes. Då hadde eg skadd ein fot og kunne ikkje delta i aktiv idrett.

Utan søvn. Men i 1946 var eg heime i Karigarden og deltok i terrengstafett både på Stranda og i Langevåg. Førbeuinga til strandastafetten fekk ei dramatisk endelykt: Min gode venn, Hans Petter Tynes, skulle emigrere til USA, og dagen før stafettløpet på Stranda, vart det arrangert ein storstilt avskjedsfest på Fjellsæter der eg spelte til underhaldning og dans. Festen varte ut i dei små timar, og eg fekk berre slenge meg ned på ei seng nokre få timar før starten av stafettløpet gjekk av stabelen. Eg sprang ein etappe der eg veksla på tunvegen til Birger Nygård på Ringstad, og fylgde riksveg 60 eit lite stykke framover til Langloskiftet. Derifrå fylgde eg Langlovegen til eg veksla med nestemann på laget.

Eg rusla så ned til idrettsplassen på Mona der innkomsten var. Då eg sprang min etappe på Ringstad og Langlo, hadde eg ikkje kontakt med konkurrentane i det heile. Eg vart difor overraska då formannen i Velledalen IL, kom meg til møtes og gav meg ei overhaling som eg sjeldan hadde opplevd. Det viste seg at ein av våre deltakarar undervegs hadde sleppt ein konkurrent forbi seg. Formannen trudde det var eg som hadde svikta, og etter ei kraftig skjennepreike, avslutta han slik:

- Det er fyrste og siste gongen du får vere med på stafettlaget, slik du har stelt deg. Det er berre festing du tenkje på, la han til og tenkte då på at eg ikkje hadde sove natta før stafettløpet. Eg protesterte høglydt, men det nytta ikkje. Han nekta å godta mi forklaring.

Stafett i Langevåg i 46. Det vart halde eit uttakingsløp i god tid før stafettløpet i Langevåg. Vi sprang frå Fitjabrua og til vegkrysset ved Nilsgarden på Fet. Der kvalifiserte eg meg til deltaking på stafettlaget i Langevåg.

Stafettløpet gjekk på ein søndag, og vêret var strålende då båten vi hadde leigd stima ut Sykkylvsfjorden med kurs for Langevåg. Pe-Jon (Jon Hjortdal) hadde med seg trekkspilet og underheldt med eit imponerande repertoar. Eg vil særleg framheve ”Den nye Värmlandsvalsen”, truleg komponert av den svenske trekkspelkongen Carl Jularbo. Mange velledalingar utanom stafettlaget var òg med på denne båtturen.

Eg hugsar eg sprang fyrste etappe med start frå fotballplassen i Langevåg. Ved start registrerte eg fleire kjende mellom-og langdistanseløparar frå distriktet vårt. Av den grunn heldt eg meg i den bakre halvdelen av deltakarar frå starten av. Det viste seg likevel at eg avanserte blant deltakarane etter kvart som vi nådde enden på idrettsplassen. Resten av etappen var motbakke. Og då hadde eg rikeleg med krefter att, og auka farta til eg veksla som nummer to, berre nokre få meter frå konkurrenten som leia. Frå mi side eit taktisk løp som altså vart krona med hell.

Eg hugsar dessverre ikkje kva resultat laget vårt oppnådde i desse to stafettane som her er referert. Fleire konkurransar fekk eg ikkje delta i dette året. I september 1946 kom eg inn på Befalsskolen for Infanteriet i Elverum og vart avskoren frå å delta i idrettskonkurransar på heimebane.

ARNOLD WEIBERG AURDAL

PS. I Ålesund deltok eg aktivt både i friidrett, boksing og fotball – sporadisk også i symjing. Særleg i boksing og friidrett oppnådde eg gode resultat.
d.s.